

## **Vedlegg 4**

### **Endringer i budsjettreglementet for budsjett 2014**

#### Nytt punkt 2.5.4:

2.5.4 «Budsjettreglementet pkt. 2.6.2 omhandlar fylkesrådmannen sine fullmakter i høve administrasjonsutgifter i sentraladministrasjonen. Løyvingar på sektoren knytt til administrasjon er såleis ikkje ein del av hovudutvala sine fullmakter».

#### Punkt 2.6.2 er formulert slik i gjeldande reglement:

2.6.2 «Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane innafor sentraladministrasjonen (programområde 420 – 490 og teneste 5153 Elev- og lærlingeombod) i samanheng.

*Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga fordelt på følgjande tenester i samanheng:*

- 4200 Administrasjon
- 5151 Fellesutgifter
- 5152 Eleveksamen
- 5201 Pedagogiske fellesutgifter
- 5600 Tilpassa opplæring
- 5701 Opplæring i bedrift
- 5810 Vaksenopplæring
- 5901 Privatisteksamen

*For å få ei tenleg drift på skulane og betre utnytting av ressursar får fylkesrådmannen fullmakt til å sjå budsjetta for følgjande tenester ved den einskilde skule i samanheng:*

- 5100 Utgifter til lokale
- 5150 Forvaltning og fellesutgifter
- 5200 Pedagogisk leiging mv
- 5210 Utdanningsprogramma

*Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå følgjande områder i samanheng i saker som er kurante:*

- Programområde 660 Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar
- Programområde 665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling
- Teneste 4200 Administrasjon - Fylkestannlegen sin del»

#### Punkt 2.6.2 vert endra til:

2.6.2 «Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane innafor sentraladministrasjonen (programområde 420 – 490 og teneste 5153 Elev- og lærlingeombod) i samanheng. Løyvingane til administrasjonsutgifter er fordelt på ulike tenester. Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå desse løyvingane på sektorbudsjetta i samanheng.

*For å få ei tenleg drift på skulane og betre utnytting av ressursar får fylkesrådmannen fullmakt til å sjå budsjetta for følgjande tenester ved den einskilde skule i samanheng:*

- 5100 Utgifter til lokale
- 5150 Forvaltning og fellesutgifter
- 5200 Pedagogisk leiging mv
- 5210 Utdanningsprogramma

*Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå følgjande områder i samanheng i saker som er kurante:*

- Programområde 660 Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar
- Programområde 665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling
- ~~Teneste 4200 Administrasjon – Fylkestannlegen sin del~~

Nytt punkt 4.4, gjeldande punkt 4.4 vert endra til 4.5.osb.

«Driftsresultatet for kunstmuseet (overskot eller underskot) skal avsettast mot/dekkast av eit eige drift- og vedlikehaldsfond. Fondet vert disponert av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune.»